

Regionale forprosjekt for bedrifter, kommunal sektor og forskningsorganisasjonar (2020)

Publisert 30 apr 2020

Last ned 

SØKNÅ

Søknadstype: Støtte fra andre enn Forskningsrådet

Søknadsfrist: Løpende

Aktuelle temaområder: Bransjer og næringer, Demokrati, styring og fornyelse

Målgrupper: Offentlig sektor, Næringsliv, Forskningsorganisasjon

Støttegrenser: Kr 200 000-500 000

Antatt tilgjengelige midler: Kr 9 000 000. Samla sum for alle tema og søkjargrupper.

Opprett søknad

 Last ned

 Del



! Dette er ei løpande utlysning. Du kan ikkje redigere ein søknad som allereie er sendt inn. Ved behov for endringar må du trekke den fyrste søknaden og opprette ein ny søknad. Sist innsendt søknad blir behandla.

Utlysinga vil berre vere aktiv så lenge det er midlar igjen på budsjettet.

Oppdatering 22. september: Søknader motteke til og med 2. november vil bli behandla av styret i møte 8. desember. Seinare søknader får vedtak i 2021

Formål

Støtte opp om innovasjon og berekraftig verdiskaping i næringsliv og/eller kommunal sektor i Vestland.

Viktige datoer

04 mai 2020: Utlysinga lagt ut

01 jun 2020: Tidligste tillatte prosjektstart

31 des 2020: Seinaste tillatte prosjektstart

31 des 2021: Seinaste tillatte prosjektslutt

Utlysning



Snarveier



Om utlysningen

Hvem kan søke?

Hvem kan delta i prosjektet?

Hva kan du søke om støtte til?

Aktuelle temaområder

Bransjer og næringer

Demokrati, styring og fornyelse

Praktiske opplysninger

Krav til utforming

Vurderingskriterier

Behandlingsprosedyre

Om utlysningen

Forprosjekta skal vere eit innleiande forskingsarbeid som medverkar til å utvikle eit større forskings- og utviklingsprosjekt (FoU-prosjekt) med potensial til å bidra til innovasjon og berekraftig verdiskaping i næringsliv og kommunal sektor i Vestland.

Forprosjekta kan óg nyttast til å legge grunnlag for eit [Kompetanse- og samarbeidsprosjekt](#) for å møte utfordringar i samfunn og næringsliv.

Eit forprosjekt skal:

- Leie fram til ein søknad om hovudprosjekt (Innovasjonsprosjekt i bedrift/næringsliv eller kommune eller Kompetanse- og samarbeidsprosjekt)
- Løse forskingsutfordringar som er kritiske for å etablere og/eller gjennomføre eit hovudprosjekt
- Ha klart definerte forskingsspørsmål
- Dokumentere kor prosjektet står i forhold til kunnskaps- og forskingsfronten

Støtte kan *ikkje* nyttast til:

- Kartlegging av litteratur og forskingsfronten
- Marknadsundersøkingar og marknadsføring
- Etablering av nettverk og klynger
- Å utforme/skrive ein hovudprosjektsøknad

Verktøy for prosjektutvikling

Bruk gjerne Forskningsrådet sitt verktøy for prosjektkanvas for [næringsliv](#) eller [offentleg sektor](#) i arbeidet med søknaden.

Hvem kan søke?

Bedrifter, kommunale organisasjonar og godkjende forskingsorganisasjonar i Vestland.

Bedrifter, inkludert samanslutningar av bedrifter i Vestland

Kan søkje om forprosjekt til innovasjonsprosjekt i RFF, Forskningsrådet eller Horisont Europa.

- Må dokumentere forskingskompetanse i prosjektet, i eigen bedrift og/eller samarbeidsbedrift, eller gjennom innkjøp frå godkjend [forskningsorganisasjon](#) (forskningsorganisasjonen kan vere lokalisert utanfor Vestland)
- Dersom stor bedrift søkjer, er det krav til aktiv deltaking frå minst ei SMB-bedrift
- Definisjon av bedrift og storleik følger EU sitt regelverk, sjå forklaring på [Skattefunn si nettside](#).

Kommunale organisasjonar, inkludert fylkeskommunen og interkommunale samarbeidsorganisasjonar/verksemdar i Vestland

Kan søkje om forprosjekt til innovasjonsprosjekt i kommunal sektor i RFF, Forskningsrådet eller Horisont Europa.

- Det er krav til samarbeid med godkjend [forskningsorganisasjon](#) og minst ein annan kommune (Forskningsorganisasjonen kan vere lokalisert utanfor Vestland)

Godkjende [forskningsorganisasjonar](#) sine hovud- eller avdelingskontor i Vestland

Kan søkje om forprosjekt til innovasjonsprosjekt i bedrift eller kommunal sektor eller forprosjekt til Kompetanse- og samarbeidsprosjekt i RFF, Forskningsrådet eller Horisont Europa.

- Det er krav om formelt samarbeide med minst ei bedrift eller kommune i Vestland som kan vere partner i det påfølgande hovudprosjektet.

Hvem kan delta i prosjektet?

Alle aktørar som er relevante for gjennomføring av forprosjektet.

Det er krav til samarbeid, sjå «Hvem kan søke» over.

Hva kan du søke om støtte til?

- Tilskot på mellom kr. 200.000 til 500.000 per prosjekt.
- Inntil 70% støtte av dei totale prosjektkostnadene til aktivitetar definert som [«industriell forskning»](#) og/eller [«eksperimentell utvikling»](#) innan ramma

for [statsstøtteregulverket](#)

- Relevante prosjektkostnader som personal- og indirekte kostnader, driftskostnader for prosjektet og innkjøp av FoU-tenester. Merk at berre utgifter som blir rekneskapsført, herunder innberetta lønn, blir lagt til grunn for godkjenning av prosjektkostnader. (Berre frå dato for vedtak om støtte.) Budsjettering skal følgje [Forskingsrådet sine reglar](#).
- **Spesielt for søknader frå forskingsorganisasjonar:** RFF Vestland si finansiering skal berre gå til forskingsorganisasjonane sin ikkje-økonomiske aktivitet i form av uavhengig forskning. Vi føreset at nødvendig reknekapmessig skilje mellom den økonomiske og ikkje-økonomiske aktiviteten til forskingsorganisasjonane er på plass.

Opprett søknad

Aktuelle temaområder for denne utlysningen

- Ny teknologi og prosessar som medverkar til klimaomstilling og til eit grønt skifte.
- Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi
- Reiseliv som styrkar lokalsamfunna og gir lågt klimaavtrykk
- Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling
- Drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland fylke

Viktig presisering om forankring i bedrift eller kommunal organisasjon

Det vert lagt vekt på at ei bedrift eller ein kommune i Vestland er problemeigar. Prosjekta skal vere godt forankra i styrande organ/leiing i minst ei SMB-bedrift eller ein kommune, som også skal ha ei tydeleg rolle i gjennomføringa av prosjekta.

I dei kommunale prosjekta skal forskingsinnsatsen komme sluttbrukar til nytte og kommunal eigeninnsats skal vere tydeleg i prosjektbudsjettet.

Spesielt for søknader om forprosjekt til Kompetanse- og samarbeidsprosjekt:

Vis til behov i samfunns- og næringsliv i Vestland og forankring hos relevante partnerar i ein framtidig hovudsøknad, i tillegg til i eigen organisasjon.

I søknadsskjemaet må alle søkjar velje mellom eitt av to tema:

Søknader retta mot behov i næringslivet har tema: «Bransjer og næringer»

Søknader retta mot behov i kommunal sektor har tema: «Demokrati, styring og fornyelse»

Bransjer og næringer



Bransjeuavhengig

Demokrati, styring og fornyelse



Fornyelse og innovasjon i offentlig sektor

Krav til utforming

- Fullstendig utfylt søknad og alle obligatoriske vedlegg skal være levert i eSøknad gjennom «Mitt nettsted»
- Søknaden skal vere innanfor formål, tema og rammer spesifisert i utlysinga
- Mal for prosjektskildring og partneropplysingar i denne utlysing skal nyttast
- Søknaden skal gjere greie for kor det er aktuelt å søkje om støtte til eit hovudprosjekt
- Søknaden skal skildre søkjar/verksemda sin kompetanse for å gjennomføre prosjektet
- Søknaden skal skildre korleis prosjektet inngår i verksemda sine planar og strategiar

Obligatoriske vedlegg

- Prosjektskildring for forprosjekt (bruk mal i utlysinga) (inntil 5 sider inkl. referansar)
- CV for prosjektleiar (inntil 4 sider)
- CV for sentrale forskarar og prosjektmedarbeidarar (inntil 4 sider)

- Partneropplysingar for bedrifter (bruk mal i utlysinga). Skal fyllast ut av prosjektansvarleg bedrift, deltakande bedrifter og andre føretak (aktørar som leverer varar og tenester i ein marknad).
- **Søknader oppretta før 1. juli** får ved ein feil krav om vedlegg "Anna" i eSøknad og må legge inn ei tom side som vedlegg. Denne feilen er no retta opp.

Andre vedlegg vil ikkje bli vurdert.

Ufullstendige eller mangelfulle søknadar vil kunne bli avslått utan fagleg vurdering.

Vurderingskriterier

Søknader vil bli vurdert etter dei fire kriteria under.

Forskning og innovasjon (Forprosjekt RFF Vestland)

- I kva grad representerer innovasjonen noko nytt?
- I kva grad er det gjort sannsynleg at innovasjonen vil realisere ei moglegheit, løyse ei utfordring og/eller møte eit erkjent behov?
- I kva grad har prosjektet potensial for å bringe fram ny kunnskap?
- I kva grad er FoU-aktivitetane nødvendige for å lukkast med innovasjonen?
- I kva grad bygger prosjektet på relevant og oppdatert kunnskap?
- I kva grad nyttar prosjektet relevante og anerkjente FoU-metodar?

Verknader og effektar (Forprosjekt RFF Vestland)

Verdiskaping

- I kva grad er det gjort sannsynleg at prosjektet vil ha potensial for berekraftig verdiskaping (sysselsetting, miljø, konkurransevne, kommunal tenesteyting med vidare)?
- I kva grad er det gjort sannsynleg økonomiske gevinstar for søkjar og eventuelle partnarar?

Regional betyding

- I kva grad er prosjektet i tråd med prioriteringar i utlysinga?
- Er det gjort sannsynleg at prosjektet vil bidra til å løyse samfunnsmessige utfordringar i Vestland?
- I kva grad har prosjektet tydeleg og truverdig berekraftprofil?

Regional kunnskapsoppbygging

- I kva grad er det gjort sannsynleg at prosjektet vil bidra til kunnskapsoppbygging i Vestland?

Vidareføring i hovudprosjekt

- I kva grad er det gjort sannsynleg at prosjektet vil bli vidareført i eit hovudprosjekt (finansieringskilde, forankring og potensielle partnarar)?

Gjennomføring (Forprosjekt RFF Vestland)

Kvalitet på organisering av prosjektet:

- I kva grad er det samanheng mellom mål, delmål og aktivitetar?
- I kva grad er arbeidsplanen og ressursane i tråd med mål, tidsplan og leveransar i arbeidspakkane?
- Er tidsplan og ressursbruk realistisk i forhold til planlagde aktivitetar?

Kvalitet på prosjektleiar og prosjektgruppe:

- I kva grad har prosjektleiar relevant kompetanse og erfaring for å leie eit FoU-prosjekt retta mot innovasjon og verdiskaping?
- I kva grad har prosjektgruppa den nødvendige kompetansen og ekspertisen for å gjennomføre prosjektet på ein effektiv måte?
- I kva grad er leiing og styring i prosjektet organisert på ei eigna måte?

Samlet vurdering fra fageksperten/panelet

Samlet vurdering fra fageksperten/panelet er et uttrykk for en samlet vurdering basert på de hovedkriteriene som fageksperten/panelet er bedt om å vurdere.

I tillegg vil det bli lagt vekt på Etikk, Miljøkonsekvensar, Kjønnbalanse i prosjektet og Kjønnsperspektiv i forskinga, der det er aktuelt.

Behandlingsprosedyre

Sekretariatet for RFF Vestland vurderer om søknaden fyller formelle krav og er innanfor dei føringane som er gitt i utlysinga. Søknader med formelle feil kan bli avvist utan vidare fagvurdering. Søknader utan formelle feil blir vurdert av eit regionalt fagpanel. Søknader motteke mellom 22. september og 2. november vil bli behandla av styret. Vedtak vert fatta i styremøte 8. desember. Seinare søknader får vedtak i 2021"

Last ned maler



VESTLAND_Projektbeskrivelse-forprosjekt_2020.docx



VESTLAND_Partneropplysningerforprosjekt2020.docx



Last ned alle 